



Valle drottslag

www.valle-il.no | post@valle-il.no

Postboks 7, 4747 Valle

Bankkonto: 2890.20.60075

Styreleiar Anne Liv Lidtveit, telefon 99386630

Retningslinjer for utgiftsdekning ved kurs

Valle idrottslag driv idrett og aktivitetar for barn og vaksne i Valle kommune, og er heilt avhengig av trenarar som stiller opp frivillig og utan løn. Dersom ein trenar ønskjer kurs Valle IL kan ha nytte av, har ein utarbeidd fylgjande retningslinjer for utgiftsdekning.

- Det må sendast inn ein skriftleg søknad som beskriv kva kurset går ut på, slik at ein kan vurdere om Valle IL har nytte av at trenaren reiser på eit slikt kurs.
- Valle IL kan refundere kursavgift og reise etter ei vurdering. Ein godtgjer reise som km-godtgjering etter lågaste sats utan skatteplikt.
- Styreleiar vurderer og avgjer søknad på inntil kr 5.000,-.
- Ved kurs utover kr 5.000,-, må søknaden vurderast av styret, og ein kan vurdere bindingstid som trenar for den aktuelle aktiviteten for Valle IL
- Dersom det er klart nødvendig, kan ein dekke kostnader til overnatting i samband med kurs.

Vedtatt av styret i Valle idrottslag 18. august 2016

Anne Liv Lidtveit
styreleiar

Cecilie Breive Haugen
nestleiar

Gunnar Brottveit
kasserar

Lise Fosså
skrivar

Torleif B. Harstad
styremedlem

Elisabeth Spockeli
styremedlem

Bjørgulv S. Lund
styremedlem

Karianne Åkre
ungdomsrepresentant